



*Comødien er et Speyl, hvorudi Mennesker kan speyle sig
og rette deres Feyl derefter” Ludvig Holberg*




Egil Monn-Iversen Kjetil Bang-Hansen Harald Tusberg

Den Stundeslause

Ein musikalsk teaterleik fritt etter Ludvig Holberg

UTEN
SUKKER




LOFTHOUSE'S

FISHERMAN'S FRIEND

EXTRA STRONG LOZENGES

25g e

UTEN
SUKKER



LOFTHOUSE'S

FISHERMAN'S FRIEND®

STRONG MINT LOZENGES

25g e

To nye
varianter

UTEN SUKKER LIKE STERK

HOLBERG, TID OG TRADISJON

Vi har laga ein musikalsk teaterleik av Ludvig Holbergs "Den Stundeslause". Det er ikkje første gongen Det Norske Teatret grip til Holberg i si jakt på materiale til nye musikkspel. Teatret har med stor lukke gjort "Jeppe" tidlegare. Likevel er det ikkje ofte ein i teatret nyttar litterært materiale frå 1700 talet til musikkspel. Musikk synest å krevja dramatisk stoff fylt av sentiment og opne kjensler, og skal ein først gå attende i saga på jakt etter høvelege historier, er nok dei store epikarane på 1800 talet dei som ligg nærast til for slikt. Hos forfattarar som Charles Dickens og Victor Hugo finn vi nett det melodrama og den lidenskap som kler ei musikalsk fargelegging. Å vilja laga musikkspel av Doktor Holberg er difor framleis mykje av eit eksperiment. Ikkje minst å gjera det av ein komedie som "Den Stundeslause". Denne komedien byggjer jo på ei naiv typeteikning henta frå Commedia dell'arte, med ei særskild enkel handling, ein struktur lik den vi finn hos Molière i "Den imbilt sjuke". Det einaste originale i "Den Stundeslause" er nettopp den stundeslause sjølv: Vielgeschrei er ein scenisk skapning sett av ein sann diktar.





Ei anna utfordring når vi vil utstyre Holberg med musikk ligg i at vi i Noreg jo har ein tradisjon i å sjå Holberg på scenen. Ja, stopp litt, har vi eigentleg det? Eksisterer det ein Holberg-tradisjon i Noreg? Jo, i Bergen. Men i Oslo? Og i andre norske teaterbyar? Eigentleg ikkje. I Danmark finn vi ein levande Holberg-tradisjon, ikkje her til lands. Men altså i Bergen. Og kva er det bergensarane har gjort som er så særmerkt? Først og fremst har dei sjølv sagt sytt for å spela han. Ved jamnleg å ha han på repertoaret har teatret gitt publikum høve til å utvikle ein kunnskap om dikteren. Men dei har gått lenger enn som så dei gode bergensarane: dei har kort og godt gjort Holberg til ein lokal forfattar. Klingande bergensk språk er byens livline til dikteren Ludvig Holberg. Bergensk dialekt er ikkje lenger landets scenespråk slik det ein gong var, og Henrik Ibsen spela på bergensk i Bergen i dag vil nok kunna vekke reaksjonar. Men Ludvig Holberg skal framleis spelast på byens eige mål. - Andre byar i vårt land har freista å gjera det same, freista å knyte Holberg til sitt eige miljø, men ingen har lukkast på same måte. Nei, så heilt enkelt er det ikkje å skapa ein identitet gjennom språket. Skal vi tala om ein levande Holberg-tradisjon i Noreg må vi altså til Bergen. Det er som det i denne byen med sin arkitektur og sitt folkeliv finst eit eige samspel, ein harmoni vi alle kjenner att. Her i hovudstaden har både Det Norske Teatret og Nationaltheatret hatt sine store Holberg-framsyningar, men nokon spesiell Holberg-tradisjon i Oslo finst ikkje. Byens eige komedieteater, Oslo Nye Teater, har interessert seg lite for han.


Teatral tradisjonar blir sjølv sagt skapte på mange måtar. Kanskje først og fremst gjennom skodespelarane. Det er ikkje framifrå instruktørar sine tolkingar av Holberg-tekstar som har skapt det vesle vi elles har av Holberg-tradisjonar. Slik som ein til dømes i Sverige har hatt ein Olof Molanders tradisjonsskapande Strindberg-oppsetjingar. Nei, Holberg-tradisjonen vår er først og fremst prega av dei store skodespelarane våre. Det er nok å nemne enkelte av dei største - som Hauk Aabel, Alv Hordnes, Gerd Grieg, og sjølv sagt den største av dei alle: Per Aabel. I Bergen har dei sitt eige kobbelt: Bernt Johannessen, Karl Bergmann, Rolf Berntzen og Lothar Lindtner.....


Uansett kor stolte vi kan vera over at det trass alt finst ein slik tradisjon, så er det svært vanskeleg å stelle seg andsynes nett denne tradisjonen. Vi veit jo at alt teater alltid har ein tendens til å apa anna teater. Det vil seia at større eller mindre delar av kjente rolletolkningar så og seia kan gå i arv frå skodepelar til skodespelar. Men da er vegen frå det friske, originale til den trøyte klisjéen ikkje lang. Det kan synast som om Holberg er ein forfattar som ofte er blitt utsett for slikt. Vi kjenner vel alle den typiske Pernille-posituren med hendene kokett i sida og eine foten fram med hælen i golyet? Ei slik utvikling av faste positurar og tradisjonelle gestar er dødeleg for alt levande teater, som nettopp skal døy i augneblinken. Dessverre finn vi slik kopiert og falma originalitet ganske ofte i den type teater nokre av Holbergs komediar representerer. Rart er det ikkje - vegen attende til Commedia dell'arte med sitt faste stereotype galleri av personar er jo som sagt ikkje særleg lang.

Skal vi spela Ludvig Holberg går vi inn i eit landskap som er ganske særlege. Vil vi laga musikkspel av stykka hans blir utfordringa enda større. For uansett om vi vil freiste å laga noko nytt, er vi samstundes nøydd til å halde oss innanfor Holbergs eiga verd. Kvar og ein som har arbeidd litt med Holberg veit at det ikkje ville nytte å bryta med hans eigenart, den heilt særlege klangen ein finn i alle komediane hans. Ein norsk klang! Vårt svar på utfordringa har vore å laga ein musikalsk teaterleik der vi varsamt har spunne vidare på Holbergs trådar. Vi har freista å ta vare på det enkle i den dramatiske konstruksjonen og i kjenslene, rikdomen i detaljane og i humøret.

Alle komediar av Holberg går eigentleg føre seg i teatret, her og no. Ein teaterleik skapt av ein alvorleg mann som ein gong fekk "ein poetisk raptus". Velkomen inn i hans galskap -







TRE STUNDESLAUSE OG EIN MUSIKALSK TEATERLEIK

Det finst minst fire gode grunnar til å gjera musikal av Holberg, seier Egil Monn-Iversen, som har sett musikk til tre av av Holbergs 35 komediar. "Jeppe på Berget" og "Jakob von Tyboe" er dei to andre. -For det første kan det til stykka hans skrivast musikk for skodespelarar. Dei songlege krava i "Les Misérables" låg over oss som ei mare. Når vi kan bruke stort sett eigne folk, som er spesialistar på musikkteater, er det også god økonomi. Dessutan skaper eigenproduserte musikalar variasjon i repertoaret og kreativitet i ensemblet. For det fjerde har Holbergs litterære stil store bokstavar. Tekstane hans kan setjast på spissen, dei er nesten revy og høver bra til "musikalkomedie"-forma.

Ein annan viktig grunn er at rekkja av veileigna utanlandske musikalar er blitt svært kort. Dei framsyningane som kunne vore interessante er øydeleggjande kostbare og teknisk svært krevjande. Da det midt på 70-talet var full stagnasjon på musikalfrenten ute, art det startskotet for utviklinga av det norske repertoaret - i første omgang "Bør Børson jr.", "Ungen" og "Tørres Snørtevold", tekst og musikk av Tusberg og Monn-Iversen, som byrja samarbeidet hos Erik Diesen i NRK fjernsynet alt i 1958.

Tusberg fann opp ordet musikkspel; "Bør Børson" heitte til og med "mussikkspell" med trønder-trykk på første stavinga. "Den Stundeslause" held seg stort sett til nynorsknormalen - dei andre var på trøndersk, Oslo-aust, og stavangersk.

Kjetil Bang-Hansen seier at han i innleiingsfasen vart litt demoralisert av Tusbergs evne til å spy ut tekstar, og av at Monn-Iversen kan sitja på eit hotellrom i Stockholm, midt i ei anna oppsetjing, og skrive 25 musikknummer utan så mykje som eit piano. Men vørndnad for originalen, gjensidig respekt og lojalitet til prosjektet, hindrar konkurranse eller prestisjeproblem.

Seier dei da, Holberg-troikaen! Resultatet er i alle fall blitt til etter eit kraftig eltearbeid - og ei intuitiv felles forståing.

Seier uttrykket "stundeslaus" oss noko i dag? Kanskje ikkje. Men rollenamnet hans, Vielgeschrei - mykje skrik - seier oss ein del, og vi kan tenkje oss framhaldet - lite ull. Han er ein latterleg, men også ganske rørende og hjelpelaus kar, som stressar og masar og ikkje får nokon ting unna.

Med andre ord heilt motsett herrane Monn-Iversen, Tusberg og Bang-Hansen. Korleis dei har fått arbeidet sitt ferdig til same tid, er nesten ei gåte, så stundeslause som dei er. Men det blir jo sagt at skal ein få noko gjort, skal ein gå til ein travel person, og det er alle dei tre opphavsmennene. Dei får tid til det utrulege. Om Egil Monn-



Iversen er det sagt at han arbeider så mykje at han ligg ein dag framfor alle andre, det same kan ein nok med ein viss rett seia om dei to andre òg.

Dei er alle kulturberande på kvar sin plattform, spesialistar som representerer kvar sin handverksmessige ekspertise. Dei kan òg sjåast som grå eminensar, viktige bakmenn innafor kvar sitt fag.

Tusberg er den som oftast sjølv har stått i rampelyset, men når teppet går opp er det stort sett andre som står på scenen eller er i biletet. Våre tre stundeslause herrar er helst ansvarlege for resultatet.

Egil Monn-Iversen er Det Norske Teatrets musikalske rådgjevar, men i røynda verkar han som komponist, arrangør - eller orkestrator som ofte er eit meir dekkjande uttrykk - kapellmeister, talentspeidar, idésprøyte. Mellom mykje anna! Han byrja å spela piano som barn, gjekk på Musikkonservatoriet og kom til teatret via jazzmusikken. Men foreldra syntest ikkje at musikk var noko skikkeleg yrke, og truga på han ei økonomisk utdanning, noko som har kome heile norsk teaterliv til nytte.

Før han hadde fylt 25, var han revydirektør på Chat Noir, og snart var han leiar for 200 tilsette innafor plate- og filmselskap, musikkforlag, revy- og teaterscenar, og impressarioverksemd. Da han vart musikkansvarleg i NRKs underhaldningsavdeling (TV) i 1964, hoppa han av direktørkarusellen for å kunna bli det han eigentleg var og ville vera - musikalr.

Sidan 1967 har Monn-Iversen hatt ansvaret for dei musikalske framgangane på Det Norske Teatret. Dessutan etablerte han Chateau Neuf som privatteater med "A Chorus Line" i 1983, han er styreformann for Den Norske Opera, og stod i si tid fadder for plateprosjektet Klassikarserien, som Norsk Kulturråd gir ut.

I dei siste to, tre åra har han flytta mykje av den private verksemda over til Sverige, og har vore instrumental i oppbygginga

av ein generasjon unge musikalartistar også på den sida av grensa. Når dei svenske kritikarane deler ut sin årlege teaterpris "Guldmasken", går han like årleg til ein Monn-Iversen-produksjon, og det er gjerne samarbeidspartnaren gjennom mange år, Runar Borge, som (til svensk irritasjon!) er vinnaren.

På Det Norske er Egil Monn-Iversen kjent for å stille strenge krav. "Han berre ser på deg, og du veit at dette held ikkje!" fortel ein i skaren av stundeslause han har fått fram rundt seg. Han har synspunkt og blandar seg i alt, men fordi han er klok, udiskutabelt kunnskapsrik og i tillegg har ein naturleg autoritet, så synest dei han ser på at det er OK!

På same vis er Kjetil Bang-Hansen er ein teaterrev, ei kunstnarleg kraft, som rører seg like tungt, subsidiært lett, mellom religiøse drama som "Ordet" og "Bodskapet til Maria", via hysterisk morosame fram- syningar som "Gaukreiret", fantasirike Shakespeare-oppsetjingar som "Stormen" og til musikalar av eldre og yngre dato. Blant hans siste nydramatiseringar er "Medmemeske".

Som skodespelar, instruktør og teatersjef har han lært handverket frå golvet og opp, og han blir rekna som ein av

våre mest nyskapande teater-tenkjarar. Bang-Hansen har i sterk grad gjort sitt til at ordet har fått ein renesans på norske scenar, i ei tid prega av det

visuelle effektteater - det som skulle ta opp konkurransen med meir glorete medium.

Han har bokstaveleg tala gjeve spelerom for det moderne menneskets trong til tankefred, for dei åndelege verdiar. I ei opprør verd der det blir

stadig vanskelegare å orientere seg mellom nye ismar og trendar, kan Kjetil Bang-Hansen stå som ein vegvisar i teatret for dei mange som leitar etter eit fast punkt, etter noko av varig verdi i ein bruk og kast-kultur.

Han er ikkje berre etterspurd her i landet. I USA har den norske teatermannen skapt minneverdige oppsetjingar av Tsjekhovs

"Måken" og Ibsens "En folkefiende", strålende kritikkar hausta han og for "Når vi døde vågner" i Strasbourg.


Fylt av teaterengasjement som han er, seier Bang-Hansen aldri nei, og gjer det såleis uråd for andre å seia nei òg. På Det Norske Teatret ser dei på han som ein virvelvind som alltid har tid til alt - til møte med Husmorforbundet, med kontaktgrupper eller lærarar, og han tilbyr seg gjerne å gje ei innføring i sine meir kompliserte framsyningar, for at tilskodarane skal få fullt utbytte av dei. Midt oppi alt dette sit han heime og lagar teater i hovudet.

Medan Monn-Iversen er i Stockholm og Bang-Hansen er i Oslo, ser vi badebuksebilede av Harald Tusberg frå det Karibiske hav. Det betyr ikkje at han berre driv dank. Når Harald Tusberg plaskar, blir det gjerne bølger i NRK - i form av underholdande program, der han sjølv, når sant skal seiast, er mindre bakmann enn framgrunnfigur. Han er ein ekte norsk fjernsynspionér som har vore med sidan TV-underhaldninga tok sine første, vaklande steg over svart-kvitt skjermene før 1960.

I over tretti år, det vil seia ein generasjon, har han arbeidd på Marienlyst,- atten år som programskapar og tolv som omstridd underhaldningssjef. Da Tusberg for nokre år sidan fylte 50, sa han i eit intervju at berre Mork og skattedirektøren var meir utskjelte enn han sjølv. Likevel henta Noreg i hans sjefstid heim bortimot tjue Montreux-prisar, og på veggene hans heng det òg mange andre diplom, prisar og trofé. No er Tusberg programredaktør og skal, i følgje han sjølv, vera det til han blir boren ut med beina først.

På vegen heng det og ein god del bilde der han sjølv figurerer sentralt. På ein eller annan måte har Harald Tusberg, med karakteristisk, bergensk gå-på, stått i sentrum heilt sidan han var med i "Windjammer"-filmen på 50-talet.

Karrièren hans har, trass i mange Marienlyst-år, vore mangslungen. Han har sunge i operetter, til og med på Den Norske Opera, han har skrive bøker og han har hatt fleire avstikkarar til teatret på forfattersida. Akkurat det er ikkje så tilfeldig; Harald Tusberg har ein Bachelor-grad i dramaturgi frå Yale-universitetet.



Medan Holbergs Vielgeschrei er sjøve prototypen på den håplause sjefen av "mykje skrik og lite ull"-slaget, er altså våre tre stundeslause herrar det motsette. I alle fall når det gjeld mykje ull! Når dei no opnar døra på gløtt til samarbeidskammerset, får vi ein kikk inn i ein spennande og kreativ teaterprosess.

- "Den Stundeslause" som musikkteater er de- og rekonstruert. Vi skrelte Holberg til skjelettet, dissekerte konstruksjonen og bygde han opp att medan vi analyserte dei punkta der det måtte byggjast vidare musikalsk. Så arbeidde vi vidare kvar for oss. Da vi møttest for å setja delane saman, kunne vi t.d. oppdage at eit musikalsk moment hadde fått for mykje tyngde og skipla rytmen i dialogen som kom etterpå. Noko måtte takast ut og noko anna setjast inn, eit nytt vers måtte skrivast her, manus forandrast litt der. Ein facinerande prosess, seier Harald Tusberg.

Kjetil Bang-Hansen peikar på at alt går etter eit mønster hos Holberg. Ingenting er tilfeldig, og da er det best å halde seg til det som er, også i tid, for å vera truverdige.

- Mange trur det ligg tilnærming i å leggje commedia dell'arte-forma til dagens Grünerløkka, men det held berre ikkje. Forfattarane på 1700-talet var sjablongforfattarar. Dei skreiv pappfigurar, utleverande med lite kjensler. Holberg tilhøyrrer med heile seg det teatraliske 1700-talet. Musikalspråket er annleis. Det spelar på kjenslelivet, det representerer hjartet. Vår oppgåve har vore å sprengje kulisserverda, tilføre kjøt og blod og varme. Vår største faglege utfordring var å kombinere dei to uttrykka - musikk og teater - som òg er ulike tidsuttrykk. Det er ingen datamaskinar, men atmosfæren frå vår tid er lagt inn i Holbergs verd, seier Bang-Hansen, som elles godt kan sjå for seg Vielgeschrei masa rundt med telefax og mobiltelefon.

- Per Aabels geniale Vielgeschrei tilhøyrrer Holbergs teaterverd, og er gått inn i norsk teaterhistorie. Lars Andreas Larssen er meir ein åleinefar med to barn, ein mann som har for mykje å gjera til å få noko som helst gjort. Dei fleste av oss bruker 75% av tida på å organisere oss, og vi burde derfor kunne kjenne att oss sjølve, eller sjefen vår, i Vielgeschrei, seier Bang-Hansen.

Brorparten av framsyninga er musikk, med 25 nummer pluss reprisar. Ein vanleg musikal har 19-20 musikkinnslag. Denne gongen går altså Monn-Iversen meir i retning av primærmusikk, på linje med teksten - spranget er ikkje langt til opera, om ikkje i tradisjonell forstand. Men han nyttar mellom anna resitativ, som er typisk for 1700-talsoperaen.

- Ein musikal er ikkje eit skodespel med songar, men ein musikkdramaturgisk konstruksjon. "Den Stundeslause" ligg nærare den opphavelige Broadway-forma enn dagens gjennomkomponerte musikalar, men her er ingen slager, ingen wienerbrød-tango! Det kan vera vakker og songbar musikk likevel, seier Monn-Iversen, som sjølv skal leie orkesteret med femten musikarar - eigentleg eit lite kammerorkester med strykarar og klassisk blåsekvinnett - tilsett "Nordheim-samplaren", synthesiseren Arne Nordheim forlangte til

"Antigone". Med ein tone frå den får ein fram eit heilt instrument, i dette tilfellet dei klassiske, som celesta, spinett, cembalo osv.

- Musikken gir klare signal om kvar vi er i tid, til dømes er forsepelet ein gjennomført fuge etter klassiske prinsipp.

Barokksignala ligg der heile tida. Men av og til kan eg ikkje dy meg, og inspirert av ein tekst frå Harald, igjen inspirert av ein barneleik, skreiv eg ein ræpp! Komposisjonar som ikkje er rockete kan forsvarast, og det er ein einskapleg tone i harmoniseringa og i heile tonespråket. Musikken er klart ikkje skriven for plate!

Samarbeidet mellom Monn-Iversen og Bang-Hansen går attende til 1971, da Teateret Vårt i Molde vart oppretta. Det heldt fram da Bang-Hansen vart teatersjef i Stavanger, og er blitt ganske intenst i det siste med "Medmenneske", "Bodskapet til Maria" og "Den Stundeslause" her på Det Norske, så "Peer Gynt" til Festspel og Grieg-år i Bergen og "Cyrano de Bergerac" på Det Norske til hausten.




- Det morosamaste med Kjetil er stikkorda han gir: han vil ha det meir blått, eller meir muskel!

- Molto muscolo, mumlar tekstforfattaren.



*Teikningar Ulf Aas
Fjørpennsførar Mona Levin*

*Nynorsk-fjør ved Ola E. Bø
Brorparten av artikkelen har stått på trykk i
Aftenposten.*



***Som bitter Medicin en sund Comødie er,
Som en chirurgisk Kniv, der heler, naar den skiær,
Den saarer Hierterne, men tit Forstanden læger,
Den først til Hevn, men strax til Kierlighed beveger.
Een deraf bliver vreedd, som seer sin Character,
Sig ændrer siden, og sin forrig Feyl beleer.
En Aristophanes Athenen derfor dyrket:
Thi den holdt fore, at han Staden havde styrket
Meer med Comødier, ja større Tømme lagt,
på Folkets Daarlighed, en Sværdets Riis og Magt.***

Ludvig Holberg i Nye-Aars Prologus, 1723

Ludvig Holberg vart fødd i Bergen 3. desember 1684. Berre 17 år gammal vart Ludvig Holberg innskriven ved Universitetet i København. I 1704 tok han teologisk embets-eksamen. Etter kort tid som huslærer hos lektor og visebiskop Niels Smed i Bergen drog han hausten 1704 ut på si første utanlandsferd, til Nederland.

Han gjorde seg kjend med europeisk åndsliv i samtida, og fekk i 1714 eit ekstraordinært professorat ved Universitetet i København, utan lønn. I 1717 vart han professor i metafysikk. Tre år seinare "rykte han opp" til professor i latin, og i 1730 vart han endeleg professor i historie. 34 år gammal busette han seg for godt i København. Han debuterte som forfattar i 1719-20 med det komiske heldediktet Peder Paars som han skreiv under pseudonymet Hans Michelsen.

Den poetiske raptus

Teatret i Lille Grønnegade vart opna i 1722, og same året vart komediane Den Politiske Kandestøber, Den Vægelsindede, Jean de France, Jeppe paa Bierget og Gert Westphaler uroppførte. Holberg gav alle desse skodespela - og dei han skreiv seinare - utan vederlag til skodespelarane. Holberg henta stoff til komediane frå samtida i Danmark. Han lånte både figurar og intrigar frå oldtida og forfattarar før han, men dei vart flytta til nordisk grunn. Han hadde lært av den antikke komedien, den italienske maskekømdien og av Molière. Fram til 1727 spela teatret 27 komediar av Holberg (Den Stundeslause i 1722). I 1727 var økonomien ved teatret så dårleg at det måtte stengje; avslutningsframsyninga vart Holbergs Den danske Comoedies Ligbegiængelse.

Den historiske raptus

Holbergs "poetiske raptus" var over. Under den pietistiske Christian VI (1730-46) vart teater forbode, og Teatret i Lille Grønnegade vart stengd. Holberg drog på ny utanlands. I ein periode var han rektor ved Universitetet i København (1735-36). Holberg fekk no sin "historiske raptus" og skreiv ei lang rad historiske verk frå Danmarks historie til kirkehistorie.

Den filosofiske raptus

Etter ti år med produksjon av historiske verk, innleidde Holberg sin "filosofiske raptus" med boka Niels Klims underjordiske Reise, der han driv ap med tilstandar heime og i utlandet; den fantastiske reiseromanen hadde brodd mot pietismen og vekte både jubel og harme. Boka blir rekna som Holbergs dristigaste verk.

Teatret i Lille Grønnegade kom i gang att under Fredrik V (1748), og Holberg skreiv dei siste komediane sine: På to år produserte han Abracadabra, Plutus, Sganarels Reise til det filosofiske Land, Philosophus udi egen Indbildning og Republikven.

I 1754 døydde Holberg i København, 70 år gammal. Det meste av det han skreiv var utgitt under psevdonym som Poul Rytter eller Hans Michelsen. Sjølv såg han på den historiske forfattarskapen sin som den viktigaste.

Kjelder:

Cappelens Litteraturhistorie, Aschehoug og Gyldendals Store Leksikon,

F.J. Billeskov Jansen: Holberg og hans tid

HOLBERGS TOTALE PRODUKSJON

Introduction til de fornemste Europæiske Rigers Historier	(1711)
Moralsk Kierne eller Introduction til Naturens eller	
Folkerettens Kundskab	(1716)
Peder Paars	(1719-20)
Åre Skiemtedigte	(1722)
Den Vægelsindede	(oppf. 1722, utg. 1723)
Den Politiske Kandestøber	(oppf. 1722, utg. 1723)
Mester Gert Westphaler	(oppf. 1722, utg. 1723)
Jean de France eller Hans Frandsen	(oppf. 1722, utg. 1723)
Jeppé paa Bierget eller den forvandlede Bonde	(oppf. 1722, utg. 1723)
Barselstuen	(1723)
Den ellefte Junii	(1723)
Jacob von Tyboe eller den stortalende Soldat	(1723)
Den Stundesløse	(1723)
Erasmus Montanus eller Rasmus Berg	(1723)
Don Ramudo de Colibrados	(1723)
Ulysses von Ithacia	(1723)
Uden Hoved og Hale	(1723)
Hexerie eller Blind allarm	(1723)
Melampe	(1723)
Det lykkelige Skibbrud	(1724)
Henrich og Pernille	(1724-26)
De Usynlige	(skr. ca 1724, utg. 1731)
Det Arabiske Pulver	(1724)
Julestuen	(1724)
Mascarade	(1724)
Kildereisen	(1725)
Den pantsate Bondedreng	(skr. 1726, utg. 1731)
Pernilles korte Frøkenstand	(skr. 1727, utg. 1731)
Den danske Comoedies Ligebegiængelse	(skr. 1727, utg. 1746)
Den honette Ambition	(utg. 1731)
Metamorphosis eller Forvandlinger	(1726)
Dannemarks og Norges Beskrivelse	(1729)
Dannemarks Riges Historie, 3 bind,	(1732-35)
Den berømmelige Norske Handel-Stad Bergens Beskrivelse	(1737)
Almindelig Kirke-Historie	(1738)
Adskillige store Helte og berømmelige Mænds sammenlignede Historier efter Plutarchi Maade	(1739)
Den jødiske Historie fra Verdens Begyndelse, fortsatt til disse Tider	(1742)
Niels Klims underjordiske Reise	(på latin 1741, på dansk 1742)
Moralske Tanker	(1744)
Adskillige Heltinders og navnkundige Damers sammenlignede Historier	(1745)
Epistler, 5 bind	(1748-54)
Husspøgelse eller Abracadabra	(utg. 1753)
Plutus eller Proces imellem Fattigdom og Riigdom	(utg. 1753)
Sganarels Reise til det filosofiske Land	(utg. 1754)
Philosophus udi egen Indbildning	(utg. 1754)
Republiqven eller det gemeene Bedste	(utg. 1754)

Kjelde: Aschehous og Gyldendals Store Norske Leksikon.

HOLBERG PÅ DET NORSKE TEA

1913	Jeppé på Berget
1919	Den Politiske Kannestøyparen
1925	Erasmus Montanus
1928	Jeppé på Berget
1930	Jean de France
1931	Den Pantsette Bondeguten
1934	Jeppé på Berget
1940	Den Politiske Kannestøyparen
1942	Barselstuen
1942	Det lykkelige Skibbrudd
1946	Det lykkelige Skibbrudd
1947	Erasmus Montanus
1950	Den Vægelsindede
1951	Brudgommen som vart omskapt
1963	Jeppé på Berget
1976	Jeppé (musikkspel)
1983	Ulysses von Ithacia
1986	Den Politiske Kannestøyparen
1990	Barselstuen
1993	Den Stundeslause



Jeppé på Berget - 19

HOLBERGS PERSONGALLERI

I Holbergs komediar er det eit fast sett rollefigurar som syner seg på scenen: Vi møter Pernille og Henrikar, Oldfux'ar, Magdeloner, Leandarar og Leonora'er, Jeronimusar og Arvar. Dei har dei same namna frå gong til gong og same arketyipiske funksjon frå stykke til stykke: det elskande paret, tenesteparet, den naive bondetenaren, den humørslause gamlingen, den utpekulerte snyltaren osv. Persongalleriet er teikna etter mønster frå klassiske komedietypar frå antikken og frå den italienske maskekomedien. Tenesteparet Henrik og Pernille følger i fotefara til Harlekin og Columbine. Oldfux, lurendreiarar, har mønster etter Pseudolus og Phormio. Men sjølv om Holbergs typar er gjengangarar, er dei ikkje uforanderlege; dei endrar karakter temmeleg sterkt frå stykke til stykke.

I "DEN STUNDESLAUSE" MØTER DU DESSE FASTE HOLBERG-TYPANE:

PERNILLE, tenestejente som her er ein fantasifull og kløktig strateg. Ho har ein imponerande menneskekunnskap, har studert Vielgeschrei i årevis og kjenner han i eitt og alt. Ho veit korleis ho skal distrahere Vielgeschrei forbi vanskelege punkt i intrigen og mistar aldri sjølv oversynet. Ho spelar personar og hendingar opp mot kvarandre og sørgjer for at kabalen går opp. Ved å vere oppfinnsam og full av visdom på same tid skil ho seg ut som ein uvanleg person - ei uvanleg Pernille - også hos Holberg. Ho opptrer denne gongen utan Henrik, men har med seg ein annan typisk Holberg-figur:



Som "Stundeslaus" Vielgeschrei møter du i kveld Lars Andreas Larssen - fødd i ein utkant (Melbu i Vesterålen) og på evig jakt etter meininga med livet. Han har vore engasjert i mest alle moglege gode saker, frå Frelsesarmé, Fredskontor og Fråhaldsrørse til Kvinnesaksforening, Kampteater og Kulturfestivalar.

Lars Andreas Larssen er fast tilsett under Nationaltheatrets gullboge, men har sidan debuten i 1956 spela på dei fleste store og små scener landet rundt. Han har tidlegare gjesta Det Norske Teatret i "Medea" (1982) og "Send inn ein klovn" (1984).

Valspråk: "Ein skal ikkje berre rope halleluja - ein skal gjere det også!!"



Den Stundeslause - 1993


OLDFUX, som her er ein rein spilloppmakar. Han gjer det mogleg for Pernille å gjennomføre dei kompliserte intrigane sine. Ved å opptre i ulike roller sørgjer Oldfux for å forvirre den stundeslause Vielgeschrei. Oldfux kan elles hos Holberg opptre som iskald bedragar i Det arabiske Pulver eller talentfull snyltegjest som i Jacob von Tyboe.

MAGDELONE kan hos Holberg variere frå ei svært fornuftig kone, som i Erasmus Montanus, til slem hustryran i Pernilles korte Frøkenstand eller narraktig som mor til Jean i Jean de France. Ho er i dette skodespelet Vielgeschreis einfaldige hushalderske, som rett nok er "eit skikkeleg menneske, av godt folk". Ho er ikkje lenger ung (godt og vel 40) og svært giftesjuk.

LEANDER går igjen som ung elsker i 19 Holberg-komediar. Som i dei fleste andre skodespela elsker han også i Den Stundeslause unge Leonora, som han ikkje kan få. Årsaka er denne gongen at han ikkje er utdanna bokhaldar, men ved Pernilles hjelp vender alt seg til det beste.

LEONORA er dottera til Vielgeschrei. Ho elsker - som dei fleste andre Leonoraer hos Holberg - den unge Leander, men skal absolutt giftast vekk til den grå bokhaldaren Mads Eriksen. I dette skodespelet er ho omtrent like lite handlekraftig som sin høgt elska Leander, og hadde det ikkje vore for Pernille, hadde ho enda opp med bokhaldaren sin.

Kjelder: Jørgen Stegelmann: Hvem er Hvem hos Holberg, Thaning & Appel 1974, Olav Dalgard: Europeisk drama frå antikken til realismen, Det Norske Samlaget, 1972.



RETTELEING TIL HOLBERGS KOMEDIEAR

(i alfabetisk rekkefølge under kvar kategori)

1. Meisterverk

Barselstuen
Don Ranudo
Den 11. juni
Erasmus Montanus
Jean de France
Ligbegængelsen
Det lykkelige Skibbrud
Mascarade
Den Stundesløse
Ulysses von Ithacia

2. Må lesast

Abracadabra
Det arabiske Pulver
Hexeri eller Blind Alarm
Henrich og Pernille
Den honnette Ambition
Jacob von Tyboe
Jeppe paa Bjerget
Julestue
Pernilles korte Frøkenstand
De Usynlige

3. Kan lesast

Diderich Menschenskræk
Kilderejsen
Den pantsatte Bondedreng
Uden Hoved og Hale

4. Kan til naud lesast


Melampe
Philosophus udi egen
Indbildning
Den politiske Kandestøber
Sganarels Rejse
Den Vægelsindede

5. Ikkje verdt bryet

Den forvandlede Brudgom
Mester Gert Westphaler
Plutus
Republiqven


av Jørgen Stegelmann i "Hvem er hvem hos Holberg?", Thaning & Appel, 1974.

Den Stundeslause



Leander
**PAUL ÅGE
JOHANNESSEN**

**Ein musikalsk teaterleik fritt etter
LUDVIG HOLBERG**
av
**EGIL MONN-IVERSEN, HARALD
TUSBERG og KJETIL BANG-HANSEN**



Oldfux, spiloppmak
**HARALD
HEIDE-STEEN JENSEN**

Regi
Scenografi og kostyme
Musikalsk ansvarlege
Maske/parykkar


KJETIL BANG-HANSEN
HELGE HOFF MONSEN
**EGIL MONN-IVERSEN/
KARI STOKKE**
BARBRO H. HAUGEN

Inspisient
Regiassistent
Koreografisk
assistanse
Teknisk produsent
Lys
Lyd
Rekvisittar
Sufflør
Scenekoordinatorar

LEIV NYBØ
IVAR TINDBERG
INGER-JOHANNE RÜTTER
**MARTIN MUSTO/
ODDGEIR KUMMEN**
PER GUNNAR GULSTUEN
MARTIN HAGFORS
FINN KIRKEBY
ANNE FLADMOE
**TOR ARNE JOHANSEN/
WALTHER MATHISEN**



Erik Madsen
**BERNHARD
RAMSTAD**



Mads Eriksen
SIGVE BØE



Ein notar
ÅSLEIK ENGMARK


Ein pause

Première på Hovudscenen 27. mars 1993



Interiøret er fritt etter Kjetil Bang-Hansen og

Christian Egemars framsyning på Den Nationale Scene i 1984.

Og med **KIRSTI ELLEFSEN, TROND**



Leonora, eldste dotter
IREN REPPEN



Vesle Zille, yngste dotter
**ANNA CHR. OROSZKO/
KRISTIN F. WOLMER**



Ritnelle, tenestejente
**RIT ELISABETH
HAAGENS LI**



Vielgeschrei, den stundeslause
LARS ANDREAS LARSSEN



Leonard, bror hans
MAGNE LINDHOLM



Magdelone, husholderske
MARI RASMUSSEN



Christoffer Federmesser
WENCHE LUND



Kristen Griffel
TONE RINGEN



Lars Dintfass
ANNE LINE MØLLER



Jens Sandbüchs
KARI HÆG








Ane, kokkejente
ANN VIBEKE HOL

And, Gry Sandland

Orkestret:

- Fløyte **PETTER BRAMBANI / LOTTE HAVNEVIK** •
- Obo **BRYNJAR HOFF / INGA EEG HENRIKSEN** •
- Klarinett, barytonsax **ROLF MALM** •
- Horn **KJELL ERIK ARNESEN / DAN ARVE ELIASSEN** •
- Fagott **HANS PETTER AASEN / ANDERS GEDDE-DAHL** •
- 1. Fiolin **CARL ANDERS SPONBERG / BERIT VÆRNES** •
- 2. Fiolin **ATLE SPONBERG / VEGARD JOHNSEN** •
- Bratsj **STIG OVE OSE / JON W. SØNSTEBØ** •
- Cello **OLE MORTEN GIMLE / ØYVIND GIMSE** •
- Kontrabass, elbass **PER LØBERG** •
- Gitar, mandolin **SVEIN JOHANN OSE** •
- Tasteinstrument **SVENN ERIK KRISTOFFERSEN / TROND LINDHEIM** •
- Slagverk **GUNNAR AAS / MORTEN BELSTAD** •





OM Å FINNE STILEN

-ein samtale med scenografen.

Å koma inn på kontoret til Helge Hoff Monsen er i seg sjølv ei kunstoppleving. På veggene heng det tett med akvarellar av rollefigurar der kvar minste draktdetalj og fargenyans er pensa inn. Assosiasjonen går fort til filigransarbeid i andre materiale. I hyllene står scenomodellar og dokumenterer framsyningar mange sesongar bakover. Dei òg er prega av denne nitide detaljrikdomen i form og farge som er ein del av Hoff Monsen sin kunstnarlege stil. For ei øydeleggjande glede ville det ikkje vera for ein smårolling å sleppe laus i dette fantastiske "leikerommet," tenkjer eg og set meg ned med scenografen.

- Scenografar, altså vi som skal gje ei romleg tolking av teksten, har vår styrke på ulike felt. For meg er måling og teikning svært viktig. For det første vart det lagt mykje vekt på det da eg utdanna meg som scenograf på akademiet i Krakow på 60-talet. For det andre er det ein måte å tenkje på; eg går gjennom alle problema i stykket med blyanten, ei slags biletleg høgttenkjing. Teiknar ein for fort, går ein glipp av detaljar. Derfor prøver eg alltid å ha god tid til å teikne. For som Guy Krohg seier; ein scenograf må alltid ligge eit hovud framom, han må ha ei løysing på handa når andre forkastar. Derfor blir dette teiknearbeidet ein slags "God dag mann økseskaft-samtale" mellom meg sjølv og framsyninga. Først når ein kjenner det skapte scenerommet så godt at ein er fri til å improvisere, kan ein seia at oppsetjinga har fått ein scenografisk stil.

Kan ein kanskje snakke om ein eigen scenografisk Holberg-stil?

- Både ja og nei. Eg vil heller seia det slik at markante stilskaparar lagar sin eigen stil. Når det gjeld Holbergoppsetjingar her i landet, kjem ein ikkje utanom Per Schwab. Dei som har vore på dei såkalla Dikterstuene i Bergen; restaurantane Holbergstuen og Wesselstuen, har sett Schwab sine flotte dekorasjonar på vegger og tak. Med eller utan promille trur ein straks at dette er ein stil som går ubrotten

attende til diktarane si tid, men nei, dette er eit resultat av hans teaterpraksis sidan 2.verdskrigen.

Påverknadene er sjølv sagt mange; arkitekturen rundt Vågen i Bergen, spelestilen på Den Nationale Scene, som er meir grotesk enn den litt forfina danske Holbergstilen, men likevel vil alltid Per Schwab vera der i bakhovudet ein stad når ein arbeider med Holberg.

Ser ein stort på det, kan ein kalle Helge Hoff Monsen ein ekte "Bergenser", men "Hælgjen" sjølv ville modifisere dette med eit langt føredrag om viktige geografiske detaljar. Ein kan likevel utan vidare gå ut i frå at den gamle husrekka "Tyskerbryggen" i Bergen, har hatt ein del å seia for scenografen til "Den Stundeslause".

-Både ja og nei. Denne scenografien har ei Holbergsk forhistorie. Det byrja med "Den politiske kandestøper", som går føre seg i eit Hamburg-interiør. Eg brukte den gongen mykje tid på å grava meg ned i stilhistorie og arkitektur i denne byen, teikna og laga modellar. Eg lærte meg altså ein heil del om den hanseatiske stilkjensla, og laga ein slags 1700-tals pastisj over Hamburg. Da fekk eg hemningslaust skryt for at eg hadde gjenskappt det gamle Bergen så fint.


No vart det aldri noko av "Kandestøperen", det vart "Mascarade" istaden, men den polske instruktøren ville gjerne halde på mykje av det same scenerommet. Når eg no gjekk i gang med "Den Stundeslause" hadde eg altså eit grunnarbeid å falle attende på, fellestrekk som særmerker mange av dei europeiske byane der Hanseatane spela ei viktig rolle, sjølv sagt også "Tyskerbryggen" i Bergen, og Wiers-Jensens byhistorier blandar seg på ein måte også inn.

Du snakkar om skilnaden mellom den pudderfornemme, danske tradisjonen og den meir groteske bergenske, får det noko å seia for scenografien?

- Ja, det verkar som om danskane legg Holberg til seint 1700-tal, stilhistorisk Louis-seize, medan dei fleste Holbergkomediane er skrivne tidlegare i hundreåret, og eigentleg opnar for meir av det barokke. Tyngre klede og lengre skjørt og frakkar, vadmål heller enn palassaktige silkeklode. Dette høver bra saman med det ein finn i Hansabyane rundt om i Europa, dei er prega av kjøpmannstanden si nøkterne kvalitetskjensle, treskurd heller enn marmoretterlikningar.

Personleg har eg stor sans for denne heiderlege stilen, seier ein stundeslaus scenograf og signaliserer at audiensen er over. Han er på fullt firsprang attende til avsluttande prøvar der han krinsar rundt dei levande rollefigurane sine; rettar på ei kyse her, danderer eit sjal der og passar på at dei held stilen.


Ola E. Bø




Scenografiteikning av Helge Hoff Monsen til "Mascarade".

TIDLEGARE


“STUNDESLAUSE”




Nationaltheatret 1901 med Fredrik Garmann, Alma Fahlstrøm, Johanne Voss, Ludvig Müller og Jens Selmer.




Nationaltheatret 1948 med Marit Halset, Einar Sissner, Espen Skjønberg og Gøril Havrevold.



Nationaltheatret 1968 med Per Aabel, Henki Kolstad og Mona Hofland.




Den Nationale Scene 1963 med Rolf Berntzen og Randi Lindtner Næss.




Rogaland Teater 1966 med Peter Bredal, Bjørn Jenseg og Marit Grønhaug

Vi har sjekka litt rundt, og funne at “Den Stundesløse” har vore framført meir enn 20 gonger sidan Noregspremieren på Det Norske Theater i Bergen i 1856, der Johannes Brun spela Vielgeschrei. Og lista viser at Bergen toppar statistikken i framføringar av skrikhalsen sine meritt.

- 1856 Johannes Brun, Det Norske Theater, Bergen
- 1877 Fredrik Garmann, Den Nationale Scene
- 1884 Fredrik Garmann, Den Nationale Scene
- 1898 Gustav Thomassen, Den Nationale Scene
- 1901 Fredrik Garmann, Nationaltheatret
- 1905 Gustav Thomassen, Den Nationale Scene
- 1911 Harald Stormoen, Nationaltheatret
- 1917 Harald Stormoen, Nationaltheatret
- 1921 Lorentz Thyholdt, Den Nationale Scene
- 1924 Lorentz Thyholdt, Den Nationale Scene
- 1911 Johannes Poulsen, Nationaltheatret
- 1934 Karl Bergmann, Den Nationale Scene
- 1936 Karl Bergmann, Den Nationale Scene
- 1948 Einar Sissener, Nationaltheatret
- 1949 Kjell Stormoen, Rogaland Teater
- 1954 Rolf Berntzen, Den Nationale Scene
- Ingolf Rogde, Riksteatret
- 1963 Rolf Berntzen, Den Nationale Scene
- 1966 Bjørn Jenseg, Rogaland Teater
- 1968 Per Aabel, Nationaltheatret
- 1970 Per Aabel, Trøndelag Teater
- 1978 Finn Kvaem, Fjernsynsteatret
- 1984 Helge Jordal, Den Nationale Scene
- 1993 Lars Andreas Larssen, Det Norske Teatret





VÅR STUNDESLAUSE TID

Verda er full av menneske som spring for livet gjennom livet på røming frå noko som ikkje forfølgjer dei. Verda er full av menneske som halsar av stad i retning av eit mål som dei ikkje har gjort seg opp noka meining om. Moderne menneske - dei fleste av oss? hastar alltid av stad i alle retningar samstundes - utan å vita kvar me skal. Den stundeslause har vel alltid vore her - i ulike utgåver. Han var der brennsikkert i Holbergs tid; elles hadde me ikkje fått komedien om Vielgeschrey. Den som ikkje ser at han - for det er oftast ein hann - finst i dag, er - orsak! ein av arten. Han har ikkje tid til å sjå etter. Hadde han ikkje funnest, då hadde det vore ein fatal feil av Det Norske Teatret å setja opp Den stundeslause. Det er ikkje ein komedie om noko som berre var. Det er ein komedie om eit fenomen det aldri har vore so mykje av som i dag. Og verre blir det. Garantert.

I dette tilfellet kan ein ikkje seia at ein kjenner lusa på gangen; for den stundeslause har ikkje den gangarten. Eg vågar påstandet at innanfor zoologien har me snarare med ein loppeliknande skapning å gjera - endå eg aldri har hatt den æra å sjå ei av arten.

Det kan saktens vera ei dygd å vera annig - ha det ansamt, travelt; men det er heilt avgjerande kva ein har det ansamt med. For å halda oss litt til innanfor det zoologiske: Me prisar mauren, truleg med god grunn sett frå maursynsstad; men me slår i hel myggen so snart me høyrer han og får auga på han. Om me er raske nok.

Eller for å henta eit bilete frå botanikken. Det var George Bernard Shaw som

spurde kvifor ei eik veks seg so mykje høgare og lever so mykje lenger enn eit menneske. Han hadde ikkje vore GBS om han ikkje hadde svara sjølv: - Det er fordi ho ikkje kastar bort ei mengd energi på å hasta frå eitt punkt til eit anna, sa han. Den som har hastverk for



hastverket si skuld, er ikkje heilt sivilisert.

Den som alltid har det overtravelt og har - som det heiter tusen jarn i elden, får sjeldan mykje ut or elden. Men det er akkurat frå han framfor andre du må høyra det utslitne munnhellet, at skal du ha noko gjort, skal du gå til den som har mykje å gjera. Han har aldri tid til å gjera eit arbeid skikkeleg; men han er nøydd til å ta seg tid til å gjera det om att. Det verste råd ein kan gje ein slik ein, er "Ver deg sjølv". Det trengst då heller ikkje, for han er seg sjølv nok. Me kallar gjerne ein person ein smule eksentrisk i vår tid om han held seg innanfor budsjett og fartsgrenser og ikkje går rundt og plagar oss med å visa foto av ungane sine. Skulle den stundeslause få eit glimt av andres oppfatning av han sjølv, blir han arg. Med god grunn.

Det finst to hovudkategoriar av individuelle stundeslause i dag. Den eine er livsfarleg for seg sjølv og andre; for no er den stundeslause motorisert. Dei som oftast bryt fartsgrensene i trafikken, er slike som ikkje skal nokon stad i det heile. Dei minskar rettmok tidsavstanden mellom to stader - men det er ofte mellom denne verda og den neste. Dei livsfarleg stundeslause køyrer som om dei var livredde for å koma for seint til si eiga gravferd. Den som ikkje tek seg tid til å stogga ved ein jarnbanelovergang, kan bli nøydd til å ta seg heller god tid til å vera sjølve midtpunktet i ei gravferd. Det er i og for seg ei overkomeleg sorg; verre er det når dei valdar gravferd for andre.

Det tragikomiske er at dei som lett misser hovudet i trengle situasjonar, dei saknar det sjeldan. Dei stundeslause rotar seg lettare opp i vanskar enn andre, sjølvfabrikkerte, prefabrikkerte vanskar. Dessverre er evna til å koma opp i vanskar og evna til å koma ut or dei sjeldan kombinerte i ein og same person av det slaget.

Me smeller att bildøra og går på møte. Der sit nemleg den vanlegaste kategorien av moderne stundeslause om han ikkje har køyrt seg i hel på veg dit. På eit totalt uturvande møte skal han. Ikkje på eitt, men

på mange. Han er som skapt for vår tids overdemokratisering og har sjølv vore med og skapt henne. Du har sikkert møtt han - i møte. Han er mannen - for det er framleis oftast ein hann - som forkynner til dagsorden at han må dessverre gå om ein time og eitt kvarter, for då må han på møte. Eit anna møte. Der han burde vera, er han ikkje til stades. Han er mannen som trur eller trur at han trur - at møte og det som der går føre seg, i og for seg fører verda eller i det minste sakene - framover. Til å halda greie på alle sine møte har han kjøpt seg ein Time Manager. Hurra: Almanakken er oppfunnen på nytt. Denne tidsplanleggjaren er so diger at han må leggjast i stresskuffert. No er stressboka elektronisk. Han er mannen som ikkje forstår at skal me få endane til å møtast i dette landet, er det snart på tide å få møta til å enda.

Dette er mannen som snakkar og snakkar om kva som må gjerast og kva han vil gjera, men aldri om kva han har gjort. For det har han ikkje. I so måte lever han konstant i framtida. På ein einaste dag kan han ha opparbeidd seg ein uhorveleg sum av ingenting. Han har verkeleg ei enorm opphoping av ting han må gjera, men oppdagar aldri at det er ei opphoping av overkomelege arbeidsoppgåver som han forsømde å ta seg av i tide. Han ser ikkje at den einaste vituge måten til å få gjort mange ting, er å gjera ein ting om gongen. Han kan utretta meir enn han trur han kan, men han gjer vanlegvis mindre enn han trur han gjer.

Slike typar trur gjerne at dei er ein makelaus menneskeleg dynamo, medan sanninga ligg nærmare ei elektrisk vifte - som surrar og surrar kring sitt eige midtpunkt. For dei er ego-sentrikarar. Dei er eigentleg trufaste mot seg sjølv; for ingen kjærleik er so trufast som eigenkjærleik. Ikkje på noko anna område gjer du og eg so mange fatale mistak, og andre so få, som når me vurderer kor viktige me sjølv er. Vår dom om oss sjølv har alltid ein tendens til å gå sterkt i vår favør.



Og so er han likevel berre eit offer for sjølv "tidsånda". Heile vår tid er stundeslaus. Det kan målast på akselerasjonen i forandringsfarten. Det skjer so mange omskifte og omkastingar på so stutt tid at det er vorte vår fornemste kunst - for å ta vare på restane av vår sjelelege jamvekt - å venja oss av med å venja oss til. Det paradoksale er at dei aller fleste teknologiske og tekniske nyvinningar dei siste hundre år, ja kanskje i all tid, har gått ut på å spare tid (heilt til fjernsynet vart oppfunne, kunne ein leggja til). Og for kvar ny tidsparande oppfinning får me mindre tid, samstundes som me halsar etter tida som eit blodtørstande kobbel - for å slå henne i hel. Ikkje rart at ho flyr, stakkar. Og likevel: Det er ikkje tida som flyr. Det er me.

Og svepene som piskar oss til ustoggeleg rastløyse, er ikkje minst

våre moderne massemedium, som sjølv er eit resultat av rastløysa. I gamle dagar, som ikkje er so gamle, var deira kanskje fornemste raison d'être å gje folket opplysning. Når folket får opplysning, heiter det folkeoplysning. I dag er dei primært til for å gje oss nytt, nyhende, ofte under nemninga informasjon.

Det er noko heilt anna. Det mediet som sakkak akterut i so måte, er fortapt. Dermed får me ei halslaus jakt for å vera først med det siste, utan at nokon spør seg eller oss om me eigenleg treng det. Om det gagnar nokon. Sagt på anna vis: Det er ikkje verda som er so mykje verre enn før; ho har eigenleg alltid vore miskunnslaus og desidert noko for seg sjølv. Det er derimot massekommunikasjonane som har vorte til dei grader mykje meir effektive. Dei er ikkje primært til for samfunnet; dei er primært til for seg sjølv. Verda hadde vel ikkje i og for seg vore ein meir fredeleg planet utan førsteside-oppslaga. Men det hadde i allfall verka so. Gudnåde den som ikkje er "oppdatert"! Dermed ligg me alle under for vielgeschreieriet. Medan den lekse me kunne ha lært av naturen sjølv, heiter tolmod. Problemet er at tolmodet trengst mest når det er oppbrukt. Me har nok alle ei reim av den stundeslause?

Ivar Eskeland



Aksjonærer i Det Norske Teatret som har aksjar for 50.000 eller meir:



- Alfa Livsforsikring • BondeUngdomsLaget • Fokus Bank •
- Gjensidige Forsikring • Nanna og Hroar Scheiblers Legat •
- Haugesund Mållag og Ungdomslag • Norsk Hydro •
- Kabi Pharmacia • Norges Bondelag •
- Olaf Norlis Bokhandel a.s • Norsk Tekst a.s •
- Sparebanken NOR • UNI Storebrand •
- Venner av Det Norske Teatret •

I tillegg har lag og samskipnader innan målrørsla større eller mindre aksjepostar.



**H.C. THAUGLANDS
TRÆLASTFORRETNING A/S**

CALMEYERS GT. 8B, OSLO 1 - tlf 22 20 44 89
VITAMINVEIEN 5, OSLO 4 - tlf 22 22 96 55



**HER FINNER DE VÅRE TO UTSALG
TRELAST OG BYGGEVARER**



Byens beste Hamburger

Drammensveien 215
Maritim
Tlf 22 50 86 86

Universitetsgt. 20
Tlf. 22 33 81 36

Eilefs Landhandleri, Spiseri, Pub & Dansesalong

Møtestedet før
og etter teater.

Vi har røkt sik
og gammalost

Pianist hver aften.

Matservering
til kl 03.30

Kristian Vls gt 1
Tlf 22 42 53 47

DAGENS
TILBUD
BARTEVO
AV YPPERS
KVALITE
KR 60,-
NYKVERNE
KAFFE
KR 17,50

Når trykksakene dine trenger form og farge....

Da står vi klar til å overta regien for hele prosessen – fra idé til produksjon. Som profesjonell trykksakskjøper stiller du store krav til din leverandør. Kvaliteten må være høy, kommunikasjonen med trykkeriet skal fungere knirkefritt, og sist men ikke minst: trykksaken må foreligge i tide.

Gjør som Det Norske Teatret¹⁾ og flere andre fornøyde trykksakskunder – sats på en profesjonell og fremtidsrettet leverandør.

Velg Falch Fargetrykk
– din kommunikasjonspartner!



Falch Fargetrykk

Falch Fargetrykk as
Ryensvingen 11 B, Postboks 48 Manglerud, 0612 Oslo
Telefon: 22 67 06 90, Telefax: 22 67 72 01

¹⁾ Programmet til «Den Stundeslause» er produsert av Falch Fargetrykk på 130 g Silverblade papir.

Tenk deg et kjøkken ...



Nå kan vi lasere HUSEBY-kjøkkenet i dine egne farger på massiv eik.

Besøk vårt nye senter midt i Oslo, hvor våre kjøkkenspesialister kan gi deg en "smakebit" på hva vi mener.

Velkommen inn.

... med 3.000 fargemuligheter!

Huseby
-senteret

Rosenkrantzgt. 1, 0159 Oslo. Tlf.: 22 33 38 00 Fax: 22 33 38 05

Nytt!

Nytt, godt plasseringstilbod:

9,3%



Det er gode pengar å tene på innskot i Fokus Bank. No kjem vi med eit nytt tilbod med høg, garantert rente: 9,3%. Utviklinga i rentenivået den siste tida tilseier at dette er svært bra. Og denne rentesatsen garanterer vi faktisk heilt fram til 30. september 1993. Minsteinnskot for å få denne renta er 50.000 kroner.

Føresetnaden er at du ikkje tek ut pengar før 1. oktober. Må du likevel ta ut pengar, går renta ned til 6%.

FOKUS Bank



Lightpalette 90

ELPAG er siden 1946 Norges ledende leverandør av lysteknisk og mekanisk utstyr for teater og scenebruk.

Vårt permanente showroom i Borggt. 7 på Tøyen tar gjerne i mot besøk for å gi deg informasjon om våre produkter eller annen bistand.

Vi gratulerer samtidig Det Norske Teatret med sitt nye lysbord Lightpalette 90.

Elpag

Borggt. 7 Tøyen, 0607 Oslo
Tlf 22 68 25 10

PALEET


Hair Explosion



Å P N I N G S T I D E R

08.00 - 21.00

Tlf: 22424649



Depotbiblioteket



93sd 21 108

GEORG MALVIUS TURE RAGNSTRÖM

ELVIRA MADIGAN


NORDENS VAKRASTE KJÆRLEIKS-MUSIKAL

Ein nordisk Romeo- og Julie-romanse opnar haust-sesongen på Hovudscenen. Den vakre musikalen "Elvira Madigan" hadde urpremière i Malmø sist haust, med norske Kirsti Torhaug i tittelrolla. No får ho musikalveteranen Øystein Wiik som kjærleiksfylt motspelar.

Historia om den unge sirkusjenta Elvira Madigan og adelege løytnant Sixten Sparre skjedde i Sør-Sverige for vel hundre år sidan. Den gifte løytnant Sparre såg Elvira da John Madigans Cirkus Varieté gjesta Kristianstad. Linedansaren Elvira gjorde sterkt inntrykk, deira "ulovlege" kjærleiks-historie utvikla seg til eit drama med intens lidenskap, sterke kjensler og brå død.


I musikalen er den gripande historia mjukt tonesett av Nick Bicât. Songtekstene er av Ture Ragnström og Georg Malvius står bak både manuskript og regi.

Forsalet startar i mai.



Sixten Sparre:
ØYSTEIN WIIK

Foto Morten Krogvold



Elvira Madigan:
KIRSTI TORHAUG

NOREGSPREMIÈRE 9. SEPTEMBER

Blir produsert med støtte frå EKSPORTFINANS

REPERTOARET HAUSTEN 1993

Hovudscenen:

Noregspremiere 9. september
ELVIRA MADIGAN

Premiere 7. oktober
OLE BRUMM

Premiere 18. november
CYRANO DE BERGERAC

Scene 2

Premiere 16. september
TRE SYSTRER

Premiere 3. desember
FRØKEN JULIE/ELSKAREN

Prøvesalen

Urpremiere 2. september
FRAMTIDA ER AVLYST

Premiere 11. november
STOLANE

det norske teatret

